



Vår saksbehandler
Bjørn Harald Haugsvær – tlf 57 72 32 16
E-post: bhh@fm-sf.stat.no

Vår dato
21.06.2004
Dykkar dato
06.05.2004

Vår referanse
2004/3126-2/520/A
Dykkar referanse
200401001-/agl

Landbruksdepartementet
pb. 8007 Dep
0030 Oslo

Samordning og revisjon av erstatningsforskrifter - Høyring

Vi viser til utsendt brev av 06.05.2004 om samordning og revisjon av erstatningsforskriftene der Landbruksdepartementet gjer framlegg om at alle forskriftene som omhandlar erstatningsordningar i landbruket vert forenkla og samla i tre forskrifter.

Etter vår meining er det utkastet som no ligg føre i liten grad enklare enn dei gamle sjølv om talet forskrifter er redusert.

Landbruk Pluss – også i husdyrhald og planteproduksjon

Dei nye forskriftene tek ikkje omsyn til at tenesteproduksjon er eit aukande produkt i landbruket. Innan birøkt er betaling for pollinering av frukt- og bærhagar ei etablert teneste. På same måte er stell og rydding av landskap ei aktuell teneste i saue- og geitehaldet. Det er bønder som driv abonnementsordningar der kunden kjøper opplevingar med husdyr og natur gjennom sommaren saman med kjøt og ull om hausten.

Forskriftene må lage opningar for at desse nye produkta også vert tatt med i erstatningsordningane.

Forskrift om erstatning etter offentlege pålegg og restriksjonar

Etter vårt syn er ikkje vorte noko godt resultatet av arbeidet med samordning av fleire gamle forskrifter. Når mange ting skal samanfattast i ei forskrift vert det lite oversiktleg både for forvaltninga og brukargruppa.

Dette gjeld:

- Ulike krav til mva-registrering
- Ulike eigendelar
- Stor detaljregulering gjennom forskrifta

Av positive ting vil vi dra fram standardsatsar for erstatning av husdyr. Dette gjer at vi i stor grad slepp lensmannsskjønn. Men slike satsar vil vere i endring over tid, og det burde såleis ikkje vere naudsynt å fastsetje desse gjennom forskrift.

Forskrift om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon

I §1 er det nytta produksjonssvikt som i kommentaren vert forklart som produsert mengd. Her viser vi til vår kommentar lengre oppe – Landbruk Pluss – og meiner at forskrifta også må sjå på tenesteproduksjon som eit produkt.

Vi kan ikkje sjå gode grunnar til at minsteutbetalinga i same forskrift skal variere mellom kr 1000,- og kr 5000,- når det i tillegg er trekt frå ein eigendel. Av bøndene vert dette oppfatta som ein ekstra eigendel når dei ikkje når opp i utbetaling grunna minsteutbetalinga. Etter vår meining bør minsteutbetalinga vere lik gjennom heile forskrifta og setjast til kr 1000,-.

Etter vår meining har ein her fått ei god samordning mellom dei gamle forskriftene.

Forskrift om erstatning ved katastrofetap i husdyrhald

Forskrifta er i hovudsak lik den gamle. Men det er gjort eit positivt grep ved å innføre ein gjennomgåande eigendel på 30%. Det synest vi er bra. Men vi kan ikkje sjå at det skal vere grunn til å setje minsteutbetalinga så høgt som til kr 15.000,-. Etter vår meining har ein under revisjonen sett for mykje på den gamle forskrifta og i liten grad tenkt sjølvstendig. Vi meiner at minsteutbetalinga kan setjast til kr 1000,- som det er gjort i dei andre ordningane.

Høg minsteutbetaling vert av bøndene oppfatta som ein ekstra eigendel når dei ikkje når opp i utbetaling grunna minsteutbetalinga. Etter vårt syn er det uheldig med "dobbel" eigendel, då bør heller eigendelen aukast til 40%.

Med helsing

Per Ingolv Nygård
landbruksdirektør

Bjørn Harald Haugsvær
fylkesagronom